



Utvalg: Fakultetsstyret ved Det juridiske fakultet
Sak: 37/24
Møtedato: 7.5.2024
Journalnummer: 2024/1383

Ph.d.-utdanningsmelding for Det juridiske fakultet 2023

Ph.d.-utdanningsmeldinga vert utarbeidd årleg for kvart at dei sju fakuletsvise ph.d.-programma ved UiB, og gir eit innblikk i aktivitet og gjennomstrømming i ph.d.-programmet det siste året. Årets ph.d.-utdanningsmelding omtalar punkta i bestillingsbrev frå Forskings og innovasjonsavdelinga (FIA) datert 24.11.2023 (vedlegg 1).

Ph.d.-utdanningsmeldinga vart godkjent i Forskingsutvalet i møte 16.04.2024, og vert her presentert for Fakultetsstyret til orientering.

Høg kvalitet i ph.d.-utdanninga er ein prioritet ved fakultetet. I 2023 har den nye modellen for ph.d.-utdanninga med oppstart 2020 blitt evaluert med gode resultat ([FU-sak 8-24](#)). I etterkant av evalueringa har emnet PHDJUR901 fått heilt nytt emneinnhald; i staden for opplæringa i kjelde- og metodemangfald som kandidatane i dag får dekt på annan måte, blir det no gitt opplæring i prosjektutvikling og prosjektdesign ([FU-sak 10-24](#)). Det har også blitt utvikla eit nytt pilot-emne innan rettsvitskapens vitskapsteori i samarbeid med Senter for vitskapsteori ([FU-sak 11-24](#)). I tillegg har ph.d.-sekretariatet starta eit arbeid med å sjå på rekruttering og gjennomstrøyming og evt. vidare tiltak for gode ph.d.-løp for kandidatane ([FU-sak 9-24](#)).

Vedlagt ligg bestillingsbrev frå FIA og Ph.d.-utdanningsmelding for Det juridiske fakultet for 2023.

Dekan og fakultetsdirektørs merknader

Dekan og fakultetsdirektør vil rette en takk til alle som bidrar til arbeidet med fakultetets ph.d.-program. Dette har høy fagleg kvalitet og kandidatane får god oppfølging frå både fagleg og administrativ side.

Saken vert lagt frem med følgjande

framlegg til vedtak:

Styret vedtar Ph.d.-utdanningsmelding for Det juridiske fakultet 2023.

Karl Harald Søvig
dekan

Øystein L. Iversen
fakultetsdirektør

25.04.2024

KARAKS

Vedlegg:

1: Bestillingsbrev frå FIA

2: Ph.d.-utdanningsmelding for Det juridiske fakultet for 2023.



Fakultetene

Referanse

2023/16725-MARIEI

Dato

24.11.2023

Ph.d.-utdanningsmeldingen 2023

Som en del av arbeidet med universitetets ph.d.-utdanningsmelding, ber vi om at det utarbeides meldinger for de syv fakultetsvise ph.d.-programmene. For forankring av ph.d.-programmenes meldinger, bør disse behandles av de respektive programstyrene.

Ph.d.-utdanningsmeldingene bør ikke være lengre enn fire sider. Vi ber om at punktene nedenfor omtales:

- Oppfølging av foregående års ph.d.-utdanningsmelding og eventuelle tiltak som har blitt gjennomført.
- Nøkkeltall, herunder opptak, gjennomføring («seksårs målet»), disputaser, underkjenninger, mindre omarbeiding og frafall. Beskrivelse av situasjonen og eventuelle tiltak for å bedre noen av disse parameterne. Kommenter særlig dersom det forekommer større endringer i noen av disse parameterne eller om tallene ikke er tilfredsstillende.
- Kandidatenes bidrag til forskningen ved fakultetene. Forhold som kan omtales:
 - o graden av nyskapende forskning
 - o hvordan kandidatene utfyller allerede eksisterende forskningsfelt
 - o strategiske vurderinger som gjøres ved ansettelse og opptak av kandidater
 - o strategiske vurderinger rundt BOA-aktivitet og hvordan fakultetet bruker eksternfinansierte prosjekter strategisk for å finansiere nye ph.d.-kandidater
- Fakultetenes systematiske kvalitetsarbeid. Hovedvekt bør legges på elementer der det har vært særlig utvikling eller aktivitet. Forhold som kan omtales:
 - o oppfølging av fremdriftsrapporter
 - o midtveisevaluering
 - o gjennomføring av medarbeider- eller oppfølgingsamtaler
 - o kvalitetssikring av opplæringsdelen, herunder emneevaluering og evaluering av emneporteføljen og rammene for opplæringsdelen
 - o gjennomføring og oppfølging av programevaluering
 - o oppfølging av undersøkelser
- Andre forhold fakultetene ønsker å omtale, for eksempel veilederopplæring.

Ph.d.-utdanningsmeldingene danner et viktig grunnlag for kvalitetsarbeidet ved ph.d.-utdanningen ved UiB.

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ephorte

Frist for fakultetenes ph.d.-utdanningsmeldinger settes til **3. mai 2024**. Ph.d.-utdanningsmeldingen vil bli behandlet i UiB sitt forskningsutvalg før endelig behandling i universitetsstyret.

Vennlig hilsen

Alette Gilhus Mykkeltvedt
avdelingsdirektør

Marie Eide
seniorrådgiver

Kopi
Universitetsdirektørens kontor

Ph.d.-utdanningsmelding 2023 for Det juridiske fakultet

Oppfølging av førre års ph.d.-utdanningsmelding og eventuelle tiltak som har blitt gjennomført

Fakultetet har gjennomført ei omfattande intern evaluering av alle dei obligatoriske ph.d.-emna i ph.d.-programmet, samt ei overordna evaluering av opplæringsdelen i ph.d.-programmet som heilskap. Resultata av evalueringa var i stor grad positive, men viste også at det var potensiale for vidare utvikling. Som følgje av dette har emnet PHDJUR901 frå og med 2024 fått nytt emneinnhald. I staden for opplæringa i kjelde- og metodemangfald som kandidatane i dag får dekt på annan måte, blir det no gitt opplæring i prosjektutvikling og prosjektdesign. Det nye emnet *Prosjektdesign og forskningsetikk/Research Design and Ethics* skal bidra til å gjere ph.d.-kandidatane meir medvitne om val, og konsekvensar av val, av ulike typar av forskingsspørsmål, problemformuleringar og design av forskingsprosjekt i rettsvitenskap. Emnet vil få fram korleis utviklinga av rettsvitenskap heng saman med forskingsfinansierings-systemet og korleis ein kan byggje ei akademisk karriere. Som følgje av evalueringa er det også gjort endringar i format og tilrådd litteratur for andre emne i den obligatoriske opplæringsdelen.

Endringane og oppdateringane i ph.d.-emna er del av eit større og meir langsiktig arbeid med kontinuerleg å utvikle og forbetre ph.d.-programmet ved Det juridiske fakultet. Fakultetet fekk i 2022 innvilga Humanioramidlar for å utvikle eit nytt valfritt vitenskapsteoretisk ph.d.-emne i samarbeid med Senter for vitenskapsteori (SVT) for prosjektperioden 2023-24. Professor Henrik Palmer Olsen frå Universitetet i København er blitt knytt til fakultetet som professor II som del av kvalitetshevinga av ph.d.-programmet og utviklinga av det vitenskapsteoretiske emnet. Det er utlyst to plassar for kandidatar til «pilot»-versjon av det nye emnet *Vitenskapsteoretisk fordjuping og analyse* som skal gjennomførast hausten 2024. I dette emnet vil kandidatane sjølv få velje ut tema og litteratur i samarbeid med rettleiar og fagpersonane tilknytt kurset, og arrangere eit seminar eller liknande med inviterte ekspertar for å drøfte særlege vitenskapsteoretiske utfordringar i avhandlinga si. Emnet skal gje kandidaten fagleg fordjuping, trening i forskingsleiing og samstundes skape fagleg aktivitet i kandidaten sitt fagmiljø.

I 2023 utarbeidde leiar for ph.d.-programmet Jørn Jacobsen, ph.d.-koordinator Karoline Aksnes, forskingsrådgjevar Ingrid Birce Müftüoglu og forskingsdekan Ragna Aarli artikkelen «[Forskarutdanning i rettsvitenskap – med Bergen som døme](#).» Målet med artikkelen er å synleggjere utviklinga i ph.d.-programmet ved Det juridiske fakultetet ved UiB, og med utgangspunkt i det, diskutere idear, innhald og målsetningar for forskarutdanning i rettsvitenskap innanfor forskarfellesskapet. Artikkelen har vore presentert på møter med både ph.d.-kandidatar og rettleiarar i løpet av hausten 2023 for å invitere desse gruppene med i refleksjon og diskusjon kring kva forskarutdanninga bør oppnå og kva prinsipp som bør ligge til grunn for innhaldet i ph.d.-programmet ved fakultetet.

Nøkkeltal

I 2023 starta 6 nye kandidatar på ph.d.-programmet ved Juridisk fakultet. I tillegg har fakultetet fått inn ein ukrainsk kandidat som var i eit ph.d.-løp ved Universitetet i Odessa då krigen i Ukraina braut ut. Gjennom finansiering frå Marie Curie MSCA 4Ukraine vil denne kandidaten fullføre dei resterande 2 åra av ph.d.-løpet ved UiB.

Fakultetet hadde 2 disputasar i 2023, noko som er færre enn normalt. Til gjengjeld ser vi at det ligg an til at det vert langt fleire innleveringar i 2024 enn det som er normalt for fakultetet. Variasjonar som dette kan sjølvstøtt skuldast naturlege svingingar i eit ph.d.-program med få deltakarar, men det er også grunn til å tru at koronapandemien kan ha hatt noko å seie for dei låge innleveringstala. Ved UiB fekk alle kandidatane 1-2 månader tillagt tid som følgje av koronarestriksjonane. Det var dessutan generelt høgare sjukefråvær i samfunnet i etterkant av korona-perioden, og dette var og merkbart for stipendiatane. Kombinasjonen av tillagt tid og sjukefråvær/permisjonar har ført til at mange kandidatar har fått utsett normert sluttdato. Dei andre juridiske fakulteta i Noreg har rapportert om same tendens. Rapportar¹ frå HK-dir melder også om forseinkingar og lågare framdrift blant ph.d.-kandidatar under pandemien og at dette sannsynlegvis vil vise i gjennomføringstala i åra framover.

Når det gjeld gjennomstrøminga på ph.d.-programmet meir generelt, vart det utforma ein rapport for Forskingsutvalet² der ein har sett på statistikken på fakultetet frå 2014 til 2022. Tala syner naturlege variasjonar frå år til år, men vi kan ikkje identifisere ein klar trend eller utvikling, verken i retning lenger eller kortare leveringstid for avhandlingar i denne perioden all den tid tala frå 2020 og vidare i nokon grad må sjåast i samheng med korona-pandemien.

Det er verdt å merke at gjennomførings-tala frå 2014-2022 er basert på kandidatar som gjekk på den førre opplæringsdelen på ph.d.-programmet. Den nye opplæringsdelen, som starta i 2020, er designa med tanke på legge betre til rette for gjennomstrøming på normert tid. Resultata for den nye opplæringsdelen er ikkje synleg i statistikken enno, då det første kullet frå den nye opplæringsdelen har normert tid til årsslutt i 2024. Det er ingen tvil om at korona-pandemien har påverka både format på kurs, og arbeidskvardagen til dei to første kulla. Dermed er det først med kullet som byrja i 2022 at tala for gjennomstrøming av kandidatar blir representative for normale forhold. Desse har normert tid for innlevering ved årsslutt i 2026.

Kandidatane sine bidrag til forskinga ved fakultetet

- **Graden av nyskapande forskning, og korleis kandidatane utfyller eksisterande forskingsfelt**

Ph.d.-kandidatane er med i den eller dei forskargruppene ved fakultetet som er relevante for sitt fagfelt, og bidreg aktivt inn i forskingsmiljøet ved fakultetet som integrerte medlemmar der.

I tillegg tilfører ph.d.-kandidatane forskingsfeltet og fagmiljøa ny kunnskap gjennom arbeidet med eige tema. Monografi er framleis det vanlege formatet på avhandlingar ved Det juridiske fakultet, og det er tradisjon for å skrive omfattande avhandlingar. Monografiformatet opnar for djupe og utfyllande drøftingar av komplekse problemstillingar, og er anerkjend innanfor rettsvitskapen. Det finst gode nordiske og internasjonale nettverk for prosjektpresentasjonar og mange kandidatar presenterte prosjektet sitt for eit internasjonalt publikum i 2023. Somme kandidatar publiserer artiklar om temaet for avhandlinga undervegs. Kandidaten publiserer ofte ein omarbeidd versjon av avhandlinga i bokform etter fullført grad.

Vi har per i dag eit par kandidatar som arbeider med artikkelbasert format på avhandlinga, og vi ventar den første artikkelbaserte avhandlinga levert ved fakultetet i 2024.

¹ Sjå HK-dir notat 5/2023, Konsekvenser av koronapandemien for høgere utdanning:<file:///C:/Users/kak019/Downloads/Notat%20konsekvenser%20av%20korona%20UH.pdf>

² Sak 9/24 framlagt for FU 16.01.2024

- **strategiske vurderingar som gjerast ved tilsetting og opptak av kandidatar**

Forskarlinja ved fakultetet er ein viktig arena for rekruttering til ph.d.-programmet. Tre av dei seks nyttilsette kandidatane i 2023 hadde bakgrunn frå forskarlinja.

Studentane på forskarlinja er knytt til ei av forskargruppene ved fakultetet under arbeidet med masteroppgåva. Dei deltek på det årlege David Doublet-seminaret saman med ph.d.-kandidatane ved fakultet, der dei også presenterer tekst frå masteroppgåva. På denne måten får dei eit innblikk i både forskingsfelleskap og ph.d.-programmet ved fakultetet. Forskarlinjestudentar som er interesserte i å søke seg vidare til ph.d. får tilbod om midlertidig tilsetjing ved fakultetet i perioden mellom innlevering av masteroppgåve og eventuell oppstart på ph.d.-programmet.

For å få fylt øyremerkte stillingar finansiert av eksterne midlar, vart det berre lyst ut ein open stipendiatstilling hausten 2023. Rekrutteringssituasjonen har vore svært krevjande og den kritiske massen av nye kandidatar er difor lågare enn det som er ønskeleg.

- **strategiske vurderingar rundt BOA-aktivitet og korleis fakultetet bruker eksternfinansierte prosjekt strategisk for å finansiere nye ph.d.-kandidatar**

Hovudmotivasjonen for BOA-aktivitet er rekruttering for styrking og vidareutvikling av fagmiljøa. Fakultetet driftar ei profesjonsutdanning og er avhengig av jamn rekruttering til forskinga for å halde høg kvalitet på den juridiske breiddeutdanninga. Fakultetet har dei fem siste åra prioritert postdoktor rekruttering gjennom eksternfinansierte prosjekt, medan dei fleste ph.d.-stillingane finansierast over grunnbevilgninga. Fakultetet arbeider målretta for å skape gode karriereveggar for yngre forskarar blant anna gjennom auking av postdoktor moglegheitene.

Fakultetet sitt systematiske kvalitetsarbeid

- **oppfølging av framdriftsrapportar**

Ved fakultetet vert alle framdriftsrapportane lest av prodekan for forskning og ph.d.-koordinator. Prodekanen og ph.d.-koordinator har deretter eit arbeidsmøte der dei diskuterer resultatet og eventuelle vidare tiltak. Dersom det er avvik i situasjonsskildringa til kandidaten og rettleiar, blir dette følgt opp med nærare undersøkingar. Kvar einskild kandidat vert behandla individuelt og eventuell vidare oppfølging vert tilpassa den konkrete situasjonen.

Dersom framdriftsrapportane vart gjort tilgjengeleg tidlegare, ville det vore mogleg å dra større nytte av dei i medarbeidarsamtalane med kandidatane.

- **midtvegsevaluering**

I 2023 gjennomførte fakultetet 6 midtvegsevalueringar. Midtvegsevalueringane ved fakultetet inkluderer ein tilreisande ekstern kommentator, og vert normalt leia av leiar av forskarutdanninga ved fakultetet. Møtet varer i omlag 4 timar, og kandidaten har i forkant av møtet sendt ut eit tekstmateriale som kommentator har førebudd kommentarar til. I etterkant av møtet vert det utarbeidd ein rapport frå midtvegsevalueringa. Dersom midtvegsevalueringa syner at kandidaten ligg så lang etter forventa progresjon at det er behov for å setje inn tiltak, kan det iverksetjast ein 6-månaders oppfølgingsplan etterfulgt av ei ny evaluering. I 2023 vart det ikkje sett inn nokon slik oppfølgingsplan ved fakultetet.

- **gjennomføring av medarbeidar- eller oppfølgingssamtalar**

Prodekanen for forskning har medarbeidaransvar for alle stipendiatane ved fakultetet, og inviterer alle inn til medarbeidarsamtale årleg. I 2023 takka alle, med unntak av ein kandidat i slutfase, ja til tilbodet om medarbeidarsamtale. Tilbodet om medarbeidarsamtale er planlagt utvida til eksterne kandidatar på ph.d.-programmet, det vil seie til kandidatar utan tilsettingstilhøve til Universitetet i Bergen. På grunn av særskilte omstende hausten 2023, der ein stipendiat døydde, vart ikkje dette gjennomført i 2023. Dekan og prodekan gjennomførte i samarbeid med bedriftshelsetenesta fleire kollektive samlingar og individuelle samtalar med kandidatar på ph.d.-programmet etter hendinga. Det vart òg utarbeid mal og plan for gjennomføring av årlege arbeidsmiljøundersøkingar blant midlertidig vitskapelege tilsette frå og med 2024.

- **kvalitetssikring av opplæringsdelen, herunder emneevaluering og evaluering av emneporteføljen og rammene for opplæringsdelen**

Fakultetet har som nemnt gjennomført ei intern evaluering av opplæringsdelen med utgangspunkt i det kullet som tok dei obligatoriske ph.d.-emna i 2022 og 2023. Alle emna vart evaluerte av emneansvarleg, og dei deltakande ph.d.-kandidatane vart invitert til å svare på kandidatevaluering. Forma av kandidatevalueringa varierte frå emne til emne i eit forsøk på å unngå for mange spørjeundersøkingar på kort tid for den same gruppa kandidatar. Likevel ser vi at svarprosenten var høgare på dei første emna enn på det siste. Resultata syner at kandidatane overordna sett er godt nøgde med ph.d.-emna, samstundes som det er rom for vidare utbetring og utvikling.

- **gjennomføring og oppfølging av programevaluering**

Hausten 2023 leverte leiar av forskarutdanninga ved fakultetet ei overordna evaluering av ph.d.-programmet med utgangspunkt i dei resultata som hadde kome fram i dei einskilde emne-evalueringane.

- **oppfølging av undersøkingar**

Evalueringa av alle ph.d.-emna, samt den overordna evalueringa av ph.d.-programmet vart presentert for både Forskingsutvalet ved fakultetet og Fakultetsstyret våren 2024. Som direkte følge av evalueringa har fleire emne fått endringar i innhald, format eller pensum.

Rettleiaropplæring

Ved Juridisk fakultet er det utarbeidd eit skriv med retningslinjer og forventingar til rettleiing, og dette skrivet vert distribuert til rettleiarar og kandidat ved oppstart. Rettleiar vert inkludert i oppstartssamtalen fakultetet har med alle nye ph.d.-kandidatar. På denne måten får rettleiar informasjon om kandidaten sitt ph.d.-løp inkludert opplæringsdel, aktivitetar, moglegheiter for forskingsopphald i utlandet, eventuell undervisningsplikt osv. På møtet vert rettleiarforholdet tematisert, og rettleiar og kandidat vert oppmoda til å avklare forventingar og rammene for rettleiinga på eit tidleg tidspunkt. På denne måten unngår ein å gå inn i rettleiingsforholdet med ulike forventingar.

Fakultet inviterer også alle rettleiarar til semestervise rettleiarseminar der aktuelle tema vert adressert og diskutert.